



Årsrapport frå elev- og lærlingombodet

For skuleåret 2022-2023

Innhald

Føreord	3
Innleiing.....	4
Rolla til elev- og lærlingombodet – eit lågterskeltilbod.....	4
Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar.....	5
Førespurnader - kven kontaktar omboda?	6
Førespurnader som gjeld lærlingar.....	7
Godkjenning av lærebedrifter.....	8
Rettar og plikter for lærlingen.....	8
Særlege utfordringar innan enkelte bransjar.....	9
Førespurnader som gjeld elevar	9
Mobbing på skule og læreplass	10
Retten elevane har til eit trygt og godt skulemiljø	10
Menneske med nedsett funksjonsevne.....	12
Overgangen til vidaregåande skule.....	13
Ungdom og psykisk helse.....	13
Gjennomførte skulebesøk	14
Elevrådsarbeid	14
Møte med skuleleiing i samband med opplæring av elevråd	15
Dialog og samarbeid.....	15
Samarbeid med Elevorganisasjonen (EO)	16
Auka behov for spesialpedagogiske tiltak og støttepersonell.....	16
Retten eleven har til rådgiving.....	17
Elev- og lærlingombodet sine arbeidsoppgåver - samanfatta.....	19

Føreord

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar i vidaregåande skule, lærlingar og lære kandidatlar (heretter omtalt som lærlingar) i vidaregåande opplæring. I Vestland fylke er vi to elev- og lærlingombod, som jobbar etter mandat vedtatt i Vestland fylkesting i juni 2020. Det er Venke Nordeide og Ann Kristin Solhaug Hauge. På fylkestinget 28.09.23 vart det vedteke at situasjonen til elevar og lærlingar med nedsett funksjonsevne skulle omtalast fast i eige punkt i årsmeldinga til elev- og lærlingombodet.

Formålet med ombodstenesta er å bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivareteke rettane sine. Ombodet skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring for å minne dei ansvarlege på at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad. Ombodet skal først og fremst vere eit lågterskeltilbod, det vil seie at vi skal vere tilgjengelege og lett å komme i kontakt med. Vi har jobba for både å støtte elevar og lærlingar i enkeltsaker og samtidig ha eit "utanfrå og inn" blick på systemet. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag.

Vi vonar at årsrapporten for skuleåret 2022-2023 vil gje eit bilete av korleis vi har arbeidd på individ- og systemnivå for å bidra til å sikre at elevane og lærlingane får oppfylt rettane sine i skule- og læreløpet. Per 1.oktober 2022 var det i følgje Utdanningsdirektoratet sine statistikkar registrert 22 080 elevar i vidaregåande skule og 6669 lærlingar i Vestland.



(Bilde: Elev- og lærlingombod Venke Nordeide og Ann Kristin S. Hauge utanfor fylkesbygget på Sandsli)

Innleiing

Elev- og lærlingombodet sin årsrapport er utarbeidd på bakgrunn av dei erfaringane vi har gjort gjennom skuleåret.

Vi har hjulpt til i enkeltsaker med elevar og lærlingar, vi har besøkt elevar og tilsette i skule, og vi har delteke, informert og diskutert i møte med elevar, lærlingar, lærebedrifter og opplæringskontor. I tillegg har vi også hatt samarbeid med relevante personar og organisasjonar for å kunne vere med å bidra til det beste for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune.

Vi har også delteke på relevante konferansar, hatt fagsamarbeid med andre ombod i andre fylke. Vidare har vi hatt fagleg oppfølging gjennom Læringsmiljøsentret i Stavanger, og delteke i relevante arbeidsgrupper i regi av omboda i Noreg.

I tillegg har vi hatt samarbeid med dei to mobbeomboda i Vestland. Det har vore med å utvikle oss fagleg, drøfte moglegheiter i enkeltsaker, og dessutan høve til å ha eit mest mogleg heilskapleg blick på saker som går på tvers mellom ulike nivå i utdanningsløpet. Eksempelvis det å støtte elevar i overgangar mellom ungdomsskule og vidaregåande.

Rolla til elev- og lærlingombodet – eit lågterskeltilbod

Tanken er at ombodsordninga skal vere eit lågterskeltilbod. Innimellom kan elevar og lærlingar møte haldningar frå lærar, rektor eller instruktørhald om at saka skal vere omfattande dersom dei kontaktar ombodet. Dette er ei mistyding. I dei aller fleste tilfelle treng ungdom råd og rettleiing om både rettar og plikter før dei tek saka si opp med overordna. På den måten kan saka løysast der den høyrer heime, utan å ende opp som ei formell klagesak.

Elev- og lærlingombodet oppfordrar elevar og lærlingar til sjølv å vere aktive i prosessen med problemløysing. Det er viktig lærdom for både elevar og lærlingar å kunne handtere problem og konflikhtar etter kvart som dei dukkar opp. Elevar og lærlingar kontaktar ombodet og legg fram problemstillinga. Vi avtalar/set av tid til å få fram alle sider i saka, og kjem fram til måtar å ta dette opp med dei involverte. I dei aller fleste tilfelle løyser vi problemet gjennom dialog med den - eller dei - saka gjeld. Poenget er å komme så tidleg som mogleg på bana FØR problem har vakse seg stort. På den måten kan ombodet fungere som ein brubyggjar mellom dei ulike partane, finne løysingar saman og skåne partane for klagesaker. Dette er ei arbeidsform som vi har god erfaring med, og ønskjer å halde fram med.

Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar

1. Skulen skal arbeide systematisk for helse, miljø og tryggleik for elevane. Dette arbeidet skal vere kontinuerleg og systematisk, og skal bidra til å sikre eleven eit trygt skulemiljø.^{1 2} Rektor har i dag det øvste ansvaret på skulen, og skuleeigar har ansvaret for at krava i opplæringslova, og forskriftene til lova blir oppfylte. Vi ser at det er ulikt korleis det blir arbeidd med desse sakene på skulenivå. Vi opplever at både elevar og tilsette kan vere utrygge i situasjonen, og på kva som gjeld og ikkje gjeld.

Omboda vil tilrå at det blir etablert kompetansegrupper på kvar skule med ansvar for saker som handlar om eit trygt og godt skulemiljø. Saker i denne kategorien kan vere komplekse og krevjande, og fordrar at dei som skal jobbe med dette har djupnekompetanse. Med det meiner vi at dei har kunnskap, veit kva dei skal sjå etter, og kjenner det igjen når det kjem til syne.

Vi trur at ved å ha ei kompetansegruppe beståande av fleire ressurspersonar, med forankring i leiinga, vil ein kunne etablere eit miljø som kan utviklast, og der ein lærer i fellesskap. Vi tenkjer det kan bidra til å sikre at ein til ei kvar tid kan jobbe evidensbasert med eit trygt og godt skulemiljø. I tillegg trur vi det vil kunne bidra til å innfri kravet til skuleeigar om å ha eit forsvarleg system.³

2. Fleire av dei som kontaktar oss fortel at dei har opplevd det som krevjande å finne ut av rettane sine.

Vi foreslår difor også at det blir etablert ein rutine på alle dei vidaregåande skulane som sikrar at elevar og foreldre får tilstrekkeleg med informasjon om rettane sine etter opplæringslova kapittel 9 A, og om aktivitetsplikta til skulane og høvet til å melde saka til statsforvaltaren, jf. oppl. § 9 A-9.

I tillegg bør elevane og foreldre få nok informasjon til å kunne vurdere om rettane til eleven er oppfylte, og korleis dei kan gå fram for å sikre at dette er tilfellet. Dette vil også kunne vere viktig informasjon til alle dei tilsette i skulen, slik at dei er trygge på korleis dei kan bidra med rettleiing i saker som omhandlar eit trygt og godt skulemiljø.

3. God struktur og føreseielegheit kan vere avgjerande for elevar med nevrodiagnosar. Dei aller fleste trivest med struktur og føreseielegheit, så dette kan komme fleire elevar til gode.⁴

¹ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9a-3>

² [Hvordan kan skoler jobbe med å forebygge mobbing? | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](https://www.uis.no/nyheter/hvordan-kan-skoler-jobbe-med-forebygging-mobbing)

³ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-10>

⁴ [Lytt til foreldrene | statped.no](https://www.statped.no/lytt-til-foreldrene)

Vi foreslår difor at det blir starta eit arbeid der ein kan sjå på korleis kommunikasjonen, og val av kommunikasjonskanalar i vidaregåande skule kan gjerast meir tilgjengeleg for alle, og bidra til betre oversikt i skulekvardagen. Vi har erfart at dette kan vere avgjerande for oppleving av meistring og tryggleik i skulemiljøet, og bidra til at fleire fullfører.


Førespurnader - kven kontaktar omboda?

I 2022-23 har elev- og lærlingomboda motteke 280 enkeltførespurnader som gjeld elevar og lærlingar. Dei aller fleste kjem frå lærlingar, elevar og føresette. I tillegg har vi fått ein del førespurnader frå andre i «laget rundt eleven» som ønskjer råd, rettleiing og støtte i saker dei står i som gjeld elevar og lærlingar.

Nokre av førespurnadene blir svara ut i første kontakt. Vi bidreg gjerne med informasjon om retter og pliktar, aktuelle nettstader og kven det kan vere hensiktsmessig å kontakte for å få løyst saka si. Det er alltid eit ønskje om å få løyst sakene på eit lågast mogleg nivå.

Andre førespurnader er meir komplekse og behovet for støtte og rettleiing er større og meir tidkrevjande. Dette er kanskje i dei sakene der dei det gjeld opplever det vanskeleg å få oppfylt rettane sine. I desse sakene er vi tettare på med oppfølging og støtte. Her har det vore viktig for oss å sjå på korleis det er samsvar mellom det som er nedfelt i intensjonar gjennom lover og forskrifter, og kva som blir erfart av elevar og lærlingar. Dei erfaringane vi gjer oss i desse sakene trur vi kan bidra til å avdekke viktige utviklingsmoglegheiter på systemnivå.

(Illustrasjon: Bilde av totalt tal på førespurnader)



Førespurnader som gjeld lærlingar

Nokre av førespurnadene handlar berre om lærlingen sine rettar og plikter, eller praktiske spørsmål rundt gjennomføring av læretida. Desse har vi svara ut med referanse til gjeldande regelverk.

Andre saker er meir komplekse, og behovet hos dei som kontaktar oss kan handle om fleire ting. Eit døme på dette kan vere ein lærling som opplever å ikkje få tilbakemeldingar på arbeidet, og som synest det er vanskeleg å seie frå. Arbeidsmiljøet kan fort opplevast utrygt og det kan vere vanskeleg å handtere situasjonen. Slike saker handlar både om rettar og plikter, eit utrygt arbeidsmiljø og det vil ofte vere behov for sosial støtte i situasjonen. For ein del lærlingar er læreplassen den første erfaringa dei har som tilsett i ei bedrift. Det er ein stor overgang og det er mykje som skal lærast.

Oversikta viser i grove trekk kva behov som er avdekte gjennom kontakten dei har hatt med oss, og her vil det i nokre førespurnader vere markerte på fleire behov hjå same person.

Når det gjeld manglande tilrettelegging og hjelp til fullføring, kan desse førespurnadene i nokre tilfelle kunne sjåast i ein samanheng. Nokre av elevane som har hatt tilrettelegging i tidlegare skulegang fortel at dei ikkje melder behov for noko tilrettelegging når dei skal ut i lære. Konsekvensen er nokre gonger at det oppstår hendingar som kan vere vanskeleg å handtere, både for lærling og for bedrift/opplæringskontor. Lærlingen fell gjerne frå, lèt vere å møte på jobb og får heller ikkje den hjelpa vedkommande treng.


Fleire opplæringskontor fortel at dei saknar psykologisk hjelp til lærlingane, og fortel om eit stort behov som dei opplever står udekt. Dei fortel at dei ikkje klarer å tilby den hjelpa lærlingen har behov for, og at dei blir ståande åleine i situasjonen. Nokre fortel om erfaringar frå tidlegare år, der dei har opplevd god hjelp med psykolog gjennom rettleiingstenesta, og at dette no har vorte vanskelegare og mindre tilgjengeleg. Dette har vore etterlyst til elev- og lærlingombodet ved fleire høve, som ei viktig hjelp på veg mot fullføring for lærlingane. Konsekvensane av å ikkje få hjelp kan bli store for både den enkelte ungdom og for samfunnet.

Vi har også erfart at nokre lærlingar fell frå utan at systemet fangar det opp før det har gått ei tid. Denne tida har lærling/lærekandidat gjerne stått åleine utan at nokon har teke kontakt, og opplever å falle imellom i systemet. Dette kan vere ei stor psykisk påkjenning. Dei opplever manglande meistring og er usikre på kva som skal skje vidare, og vegen til fullføring kan bli lengre og meir usikker enn kva som er naudsynt for den det gjeld.

Det er viktig å få fram at i dei aller fleste sakene vi kjem inn i, så blir det oppretta kontakt med rettleiingstenesta, og sakene løyser seg. Det er likevel slik at vi i nokre enkeltsaker har erfart at lærlingen fell "i mellom" i det delte ansvaret for oppfølging. Nokre lærlingar fortel at dei ikkje veit kvar og kven som skal støtte og rettleie dei. Dette gjeld gjerne lærlingar som ikkje har fått diagnose, men som i løpet av læretida erfarer at det blir viktig å få hjelp for å fullføre. Dei fortel at dei saknar nokon som kan rettleie dei i systemet og i prosessen på vegen vidare, slik at dei får på plass det som er naudsynt for å oppfylle vilkåra for tilrettelegging.

Vi har også hatt nokre saker der lærlingar opplever at dei treng støtte i saker overfor bedrift, og der rettleiingstenesta kan oppleve som dei står i ei dobbeltrolle. Dette gjeld gjerne i samband med heving, og der ein ikkje er samde om vilkåra for heving er til stades eller ikkje. Rettleiingstenesta skal gjerne i same sak støtte både lærling og rettleie lærebedrift. Dette har i nokre særskilde tilfelle medført at eleven tek kontakt og opplever at hen står åleine, sjølv om dei har motteke rettleiing av rettleiingstenesta.

(illustrasjon: kakediagram som seier kva dei som kontaktar oss gir uttrykk for)



Godkjenning av lærebedrifter

Både offentlege og private verksemder som tek inn lærlingar må vere godkjende av fylkeskommunen. Lærebedrifta må kunne gje opplæring som tilfredsstillar krava om innhaldet i opplæringa. Bedrifta må vidare ha ein fagleg kvalifisert person som har ansvaret for og tilsynet med opplæringa.

“Den vise veileder fører meg ikke inn i sin egen visdoms hus, men leder meg til min egen klokskaps dørterskel.” Søren Kierkegaard

Rettar og plikter for lærlingen

Lærlingar har same rettar og plikter som andre arbeidstakarar, og har rett til å ha fri til å gjennomføre teoriopplæringa utanfor lærebedrifta. Når læretida er over, fell også arbeidsavtalen bort. Lærlingar skal ha same tilgang på PPT som elevlar i vidaregåande skule. Minst ein gong per halvår har lærlingen rett på ein samtale med instruktøren om si utvikling i forhold til kompetansemåla i faget. Som ein del av rettleiinga og vurderinga undervegs skal instruktøren minst ein gong kvart halvår gjennomføre halvårsvurdering utan karakter.

Særlege utfordringar innan enkelte bransjar


Ut frå dei førespurnadene som er gjort til oss, og som utgjør vårt underlagsmateriale, så meiner vi det ikkje er godt nok grunnlag for å seie noko om det er nokre bransjar som framhevar seg framfor andre. Det er heller ikkje alle som informerer om fagretning når dei tek kontakt.

Førespurnader som gjeld elevar

I meir enn halvparten av sakene er det ønske og behov for informasjon om rettar og plikter, samt generell informasjon. I den andre delen av førespurnadene vi får handlar det om manglande tilrettelegging i skule, manglande medverknad i enkeltsaker, eit utrygt skulemiljø og behov for sosial støtte i handtering av vanskelege saker. Elevar ønskjer som regel svært gjerne å fullføre vidaregåande, men opplever det så krevjande å stå i ein utrygg skulekvardag at det for nokre både medfører ufrivillig skulefråvær og elevar og familiar som kjenner seg svært åleine om å handtere situasjonen. Det blir sagt mykje om "laget rundt eleven", men likevel erfarer vi at det er elevar som lurar på kven som eigentleg er "på deira lag."

Dei som kontaktar oss har i dei fleste tilfelle prøvd å melde frå på lågast mogleg nivå, for så å oppleve at det ikkje skjer noko, eller at ein ikkje treffer med rette tiltak. I denne prosessen gir dei uttrykk for eit sterkt behov for informasjon og sosial støtte. Sosial støtte kan vere avgjerande for den psykiske helsa slik at ein kan stå i vanskelege situasjonar. Vi ønskjer å presentere nokre små utsnitt av regelverket og knytte desse til dei historiene vi blir fortalt. På den måten vil ein kunne sjå samanheng mellom intensjon i regelverk, og det vi høyrer erfart gjennom opplevingar frå elevar og deira pårørande i enkeltsaker.

(illustrasjon: kakediagram som seier kva dei som kontaktar oss gir uttrykk for)



Mobbing på skule og læreplass

Funn frå Elevundersøkinga syner at vi i Vestland har elevar som opplever seg mobba i tilknytning til skulen.⁵ Kjenneteikn ved mobbing kan vere at det er ein aggressiv handling retta mot ein person av ein eller fleire. Det er eit ujamnt styrkeforhold mellom den eller dei som mobbar og den som blir mobba, og det går føre seg over tid.⁶

Vi veit at positive relasjonar og sosial støtte er av stor betydning og kan vere ein viktig beskyttelsesfaktor i dei unge sine liv. Når relasjonane er negative, vil det kunne utgjere ein stor risiko. Tap av tillit, psykosomatiske og psykiske plager, til dømes depresjon, blir ofte peika på som dei mest sentrale verknadene av mobbing.⁷

Det kan vere mykje skam knytt til det å bli mobba, og dei negative kjenslene som kjem av mobbing kan påverka evna den enkelte har til å etablera og halda oppe sosiale relasjonar, og kan gi låg sjølvkjensle. Desse kjenslene kan vera med å utløysa både angst og depresjon.⁸

Betydninga av eit trygt og godt læringsmiljø har vore eit tema som vi elev- og lærlingomboda har teke opp når vi er på skulebesøk og i møte med lærebedrifter. Mobbing er lovstridig, men vi veit at dette skjer på ulike arenaer likevel. Skular og lærebedrifter har plikt til å gripe inn med ein gong elevar eller lærlingar blir utsette for mobbing.

Eit godt klasse- og skulemiljø i tillegg til gode relasjonar til personalet på skulen og lærebedrifta er viktig for å førebygge og minske konsekvensane av opplevd mobbing. Difor har vi alltid fokus på korleis elevane sjølve kan vere med å skape gode skulemiljø når vi er ute på skulebesøk. Reelt samarbeid mellom elevane og skuleleiing kan bidra i eit viktig partnerskap. Dette kan mellom anna skje gjennom elevråd og skulemiljøutval.⁹

Dette er også eit viktig tema i møte med lærlingane når vi møter dei. Då løftar vi fram at arbeidsmiljøet skal vere helsefremjande, og at dette er både ein rett og ei plikt til å bidra for å oppnå formålet.¹⁰ I det høvet har vi mellom anna nytta kvalitetsrammeverket for karriererettleiing og nokre av karriereknappane.¹¹

Retten elevane har til eit trygt og godt skulemiljø

I august 2017 tredde eit nytt regelverk i kraft, og vi fekk eit nytt kapittel 9A inn i opplæringslova. Bakgrunnen for lovendinga hadde vore grundig greidd ut i NOU 2015:2 «Å

⁵ [Funn fra Elevundersøkelsen \(udir.no\)](#)

⁶ [Hva er mobbing? | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](#)

⁷ [Mobbing og krenkelser \(udir.no\)](#)

⁸ [Mobbing og krenkelser \(udir.no\)](#)

⁹ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§11-5a>

¹⁰ <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-62/§1-1> - Arbeidsmiljøloven

¹¹ [Karriereknappene - Kompetanse Norge](#)

høyra til»¹², og formålet med lovendringa var å sikre alle elevar eit trygt og godt skulemiljø. Det vart også peika på samanhengen mellom auka medvit i skulen, og samanhengen mellom skulemiljø og psykisk helse.¹³

I lovforarbeida til kapittel 9A, som vi finn i Prop. 57 L (2016-2017)¹⁴ blir det trekt nokre grunnleggjande mål og prinsipp inn, som ein del av innsatsen for å sikre retten elevane har til eit trygt og godt skulemiljø. Desse prinsippa er:

- Det skal ikkje skje
- Det skal nytte å seie frå
- Regelverket skal verke
- Kompetansen skal nå heilt ut
- Skuleeigar er avgjerande
- Barn og unge skal stå i sentrum

Det kan vere mange grunnar til at skulemiljøet ikkje opplevast som trygt og godt. For å gjere det enkelt kan ein dele forholda inn i forhold ved eleven, forhold ved skulemiljøet og forhold i nære omgivnader.¹⁵ Dette kan vere krevjande saker med komplekse problemstillingar. Det vil difor krevje både kompetanse og analytisk innsikt når ein skal undersøke kva som er årsaka til problema, og komme fram til eigna tiltak.

Når elevar eller foreldra deira tek kontakt med oss er det gjerne fordi dei dei har prøvd å gi beskjed, men opplever at dei ikkje blir høyrde. Dei fortel at dei står åleine i sakene sine, og opplever at nødvendige tiltak ikkje blir sett inn. Nokre av dei fortel at dei er i ferd med å gi opp. I nokre av desse sakene har det dessverre enda med fråfall. Det kan synast som undersøkingsfasen tek for lang tid og ein er usikre på kva problemet eigentleg er. Då blir det vanskeleg å treffe med tiltaka. I mellomtida er eleven gjerne ufrivillig borte frå skulen fordi belastninga ved å stille til undervisninga opplevast for stor.

Ser ein desse erfaringane opp mot prinsippet om at det ikkje skal skje, det skal nytta å seie frå og kompetansen skal nå heilt ut, så kan det synest som om vi må jobbe vidare for å betre situasjonen.

Nokre av elevane og føresette som kontaktar oss fortel at dei opplever seg åleine med utfordringane, og at dei gjerne ikkje får respons på førespurnadene dei gjer til skulen. Dei lurar på kva rettar dei har og korleis dei skal gå fram på ein god måte for å få løyst det som er vanskeleg.

Ifølgje opplæringslova §9A-9 har skulen ei informasjonsplikt overfor elevane og foreldra om rettane deira til eit trygt og godt skulemiljø, og moglegheita deira til å melde saka til statsforvaltar. Vi har i forhold til dette opplevd at denne informasjonen ikkje alltid har nådd ut til dei saka gjeld, og tenkjer det er viktig å stille spørsmål til kva årsaka til det kan vere. Det er tydeleg i lovverket at elevane og foreldra skal få nok informasjon til å kunne vurdere om rettane til eleven er oppfylte, og korleis dei kan gå fram for å sikre at dei blir oppfylte.

¹² [NOU 2015: 2 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

¹³ [Hefte: Aktivitetsplikten i praksis | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](https://www.uis.no)

¹⁴ [Prop. 57 L \(2016-2017\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

¹⁵ [Hefte: Aktivitetsplikten i praksis | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](https://www.uis.no)

I nokre av sakene kan det også verke som skulen ikkje har fått oversikt over moglege faktorar som gjer eleven sårbar, og at det oppstår unødvendige situasjonar der behovet til elevane for tilrettelegging ikkje blir dekkja. Døme på dette er bruken av fleire ulike kommunikasjonskanalar i møte med elevar som treng struktur og oversikt. Dette gjeld mellom anna for ein god del elevar med nevrouviklingsforstyrningar.

Nevrouviklingsforstyrningar er tilstandar der neurologisk og psykologisk utvikling er forseinka eller avvikande frå tidleg barndom. Dei vanlegaste nevrouviklingsforstyrningane er ADHD, Tourettes syndrom og autismspekterforstyrningar.¹⁶

Ein del av elevane som er i denne kategorien opplever at det er eit gap mellom krav i omgjevnadene og kva dei kan klare utan tilrettelegging.

I overgang mellom grunnskule og vidaregåande fortel nokre få om ei «vente og sjå haldning» og at vi får ta problema når dei kjem. Konsekvensane av å ikkje ta omsyn til kjende tilretteleggingsbehov hos eleven, kan vere at ein kjem seinare i gang med pedagogiske tilretteleggingstiltak enn det som er nødvendig.

Ein kan gjerne stille spørsmålet ved kor mange uønskte hendingar ein elev med mogleg særskild sårbarheit toler før skulemiljøet opplevast utrygt. Det kan føre til ufrivillig «drop-out», og for nokre opplevast det som eit «push-out».

Menneske med nedsett funksjonsevne

Retten til eit trygt og godt skulemiljø og retten til tilpassa opplæring er godt forankra i opplæringslova. Vi har gjennom skuleåret motteke førespurnader frå elevar og foreldre som fortel at dei opplever at dette ikkje er tilfellet for dei.

Nokre har diagnosar med seg inn i vidaregåande, og andre fortel at dei oppdagar dette når dei byrjar på vidaregåande. I overgangen frå grunnskulen til vidaregåande opplever enkelte at dei får meir ansvar for sjølv å skaffe seg oversikt og skape struktur. For dei fleste går den overgangen greitt, men for andre med eit auka behov for struktur og oversikt blir denne overgangen meir enn det dei klarer å meistre på eiga hand. Dette er ei kjend utfordring for mange menneske med ulike diagnosar.

Når skulen brukar fleire ulike plattformer til å kommunisere med elevane så medfører det at nokre av elevane misser oversikt, og dette kan gjere at ein opplever læringsmiljøet som utrygt. Dei fortel at dei har fått beskjed om at dei må tilpasse seg systemet utan at dei nødvendigvis blir møtte på behov for struktur. Dette kan vere til hinder for at elevane opplever læringsmiljøet som trygt, og vi har erfart at dette skjer utan at skulen nødvendigvis ser det i samanheng med retten til eit trygt og godt skulemiljø, jfr. Kap. 9 A.

Når problema oppstår så verkar det, gjennom det vi høyrer, som om det er ulik praksis rundt det å støtte elevane med strakstiltak og tilvising til pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Vi høyrer også om nokre enkelte tilfelle der elevane ikkje får oppfylt retten sin til

¹⁶ [-Lytt til foreldrene | statped.no](https://statped.no)

spesialundervisning etter at dei har fått denne innvilga.¹⁷ Konsekvensane av dette kan medføre manglande meistring og at læringsmiljøet opplevast utrygt. Vi har sett at dette har ført til ufrivillig skulefråvær, og nokre gonger også fråfall.

Overgangen til vidaregåande skule

Det blir lagt ned eit stort arbeid for å sikre elevar med særskilt tilretteleggingsbehov ein trygg overgang til vidaregåande. Elevar og føresette fortel at dei blir oppmoda om å besøke ulike skular, for å få erfaring som dei kan bruke til å gjere eit informert val av skule. Intensjonen bak kan vere å tryggje elevane i overgangen, og at elev og skule skal bli kjende med kvarandre. I år har vi motteke førespurnader frå foreldre som opplever at dei på besøk har fått beskjed om at det ikkje er sikkert at elevane skal gå på den skulen dei er på besøk hos. Dette har bidrege til å skape stor uvisse for elevane og familiane deira, og det kan for nokre synast som skilnad på det som er intensjon med skulebesøka, og det som har blitt erfart av elevane. I tillegg får vi spørsmål om korleis det er mogleg at elevar som blir søkte inn på særskilde vilkår for å bli prioritert ved inntak, får beskjed om at det er fullt.

Ungdom og psykisk helse

Alle elevar og lærlingar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.¹⁸ Skulen og lærebedrifta skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte kan oppleve tryggleik og sosial tilhøyrsl. Ansvaret inneber at skulen må sikre eit læringsmiljø som er helsefremjande.¹⁹

For at utsett ungdom skal få den hjelpa dei treng, må utfordringar og hjelpebehov avdekkast på eit så tidleg stadium som mogleg. Helsepersonell, skulehelsetenesta og lærarane på skulen må ha tilstrekkeleg kunnskap om kven dei skal spørje eller melde frå til, slik at dei kan få hjelp til å følgje opp ungdom som utset seg sjølv for sjølvskading, eller viser teikn til sjølv mordstankar.

Psykisk helse er eit tema som kan løftast inn tematisk i skulekvardagen på ulike måtar. Det kan mellom anna gjerast ved at ungdom får informasjon om KVEN dei kan rette seg til dersom dei har det vanskeleg, til dømes kontaktlærar, helsesøster eller helsesjukepleiar.

Det å jobbe systematisk og innlemme psykisk helse som ein del av skulekvardagen og i undervisninga, kan bidra til å gje elevane ferdigheiter til å meistre psykiske utfordringar.

Det kan mellom anna gjerast ved å bygge trygge og inkluderande fellesskap rundt elevane og tilpasse læringsaktivitetar til elevane sine føresetnader og behov. Det er vidare positivt å ha

¹⁷ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§5-1>

¹⁸ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9a-2>

¹⁹ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9a-4>

interne system for å drøfte og finne løysingar på utfordringar i fellesskapet, jfr LK20 i overordna del om prinsipp for inkluderande praksis.²⁰

Gjennomførte skulebesøk

Følgjande skular har fått besøk av elev- og lærlingombodet skuleåret 2022/2023

- Askøy vgs
- Dale vgs
- Eid vgs
- Firda vgs
- Flora vgs
- Hafstad vgs
- Høyanger vgs
- Knarvik vgs
- Krokeide vgs
- Laksevåg og Bergen Maritime vgs
- Metis vgs
- Mo og Øyrane vgs
- Måløy vgs
- Osterøy vgs
- Slåtthaug vgs
- Sogndal vgs
- Sotra vgs
- Stryn vgs
- Årdal vgs
- Årstad vgs
- Åsane vgs



Ved ovannemnde skulebesøk har fokus frå elev- og lærlingombodet vore elevrådsarbeid/elevrådsskulering, skulemiljø og førebuing på livet som lærling.

Elevrådsarbeid

Opplæringslova slår fast at det er den enkelte skule som har ansvar for å ha eit elevråd som blant anna skal arbeide for læringsmiljøet, arbeidsforholda og velferdsinteressene til elevane.²¹ Korleis oppnår vi det? Det aller viktigaste er at det blir sett av nok tid til dette arbeidet på kvar skule. Det bør ikkje bli slik at elevråda berre jobbar med velferdsoppgåver. Dei har rett til å bli høyrde i alle viktige saker som vedkjem skulekvardagen. Dette krev at leiinga oppfordrar til synspunkt frå elevrådet, og følgjer opp saker som elevane tek opp på

²⁰ [3.1 Et inkluderende læringsmiljø \(udir.no\)](#)

²¹ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§11-6>

eige initiativ. Informasjon frå skuleleiing tidleg på skuleåret til både lærarar og elevar om kor viktig dette arbeidet er, er vesentleg for å oppnå elevmedverknad gjennom skuleåret. Eksempel på saker som elevråda jobbar med kan vere:

- Læringsmiljø / Trivselstiltak
- Læringsmetodar
- Møte- og handlingsplanar
- Motivasjon i elevrådsarbeidet
- Informasjon frå elevrådet til alle klassane
- Saker som elevråda uttalar seg om til leiinga - høyringssaker
- Saker som elevar ønskjer at lærar og leiing skal følgje opp

Møte med skuleleiing i samband med opplæring av elevråd

Når vi elev- og lærlingomboda er på skulebesøk har vi gjerne møte med skuleleiinga der vi i fellesskap set fokus på elevrådsarbeid og elevmedverknad. Vi meiner det er viktig at også elevrådsleiar har faste møte med skuleleiinga. På den måten har elevrådet direkte link til der avgjerdene på skulen blir vedtekne. Uansett kor mykje eit elevråd blir skulert har det liten verdi dersom ikkje arbeidet blir forankra hos leiinga på skulen. Elev- og lærlingombodet oppfordrar skulane til å setje elevrådsarbeid i fokus på planleggingsdagane om hausten. Dette for å sikre at alle lærarar forstår kor viktig det er å støtte opp om elevdemokratiet.

Å innleie eit reelt samarbeid kan gi grobotn for eit gjensidig og viktig partnerskap i skulen. På den måten kan elevane erfare at dei blir møtte med tillit og respekt og kan medverke til å utvikle skulen sin etablerte praksis.²²

Dialog og samarbeid

Gjennom året har vi også hatt møte for å belyse ulike områder med følgjande:

- Hovudutval for opplæring og kompetanse v/leiar og nestleiar
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) v/leiar
- Avdeling for Opplæring og kompetanse
- Elevorganisasjonen (EO)
- Ungdomsutvalet i Vestland fylkeskommune v/leiar og nestleiar
- Ombodskollegaer i dei andre fylka i Noreg
- Læringsmiljøseneteret i Stavanger – fagleg oppfølging og utvikling
- Statsforvaltaren i Vestland
- Nasjonal gruppe for inkluderande avgangsmarkering
- Ung rettshjelp
- Redd Barna Norge

²² <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§1-1>

- Norges Handikapforbunds Ungdom Sørvest (NHFU) og Diskrimineringshjelpa og meklingsbenken (DIME)
- Yrkeslabyrinten (foreining for opplæringskontor innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram i Bergensområdet.)

I tillegg har omboda delteke på oppstartssamlingar med lærlingar i regi av ulike opplæringskontor.

Samarbeid med Elevorganisasjonen (EO)

Elev- og lærlingombodet har gjennom mange år hatt samarbeid med Elevorganisasjonen (EO). Dette samarbeidet er viktig for oss og gir oss mykje viktig informasjon om kva ungdommane erfarer, og kva dei ønskjer å oppnå gjennom eige arbeid. Vi har hatt jamlege møte og delteke saman på ulike skulebesøk. I tillegg har vi saman med mobbeomboda for barnehage- og grunnskule vore inviterte til og har delteke på elevforsamling og årsmøte.

Saker vi har diskutert har mellom anna vore:

- Miljøkoordinator på alle dei vidaregåande skulane (vedtatt politisk haust 2022)
- Kvalitet i rettleiinga i skulen
- Fråvær av seksualundervisning i undervisninga
- Arbeidet med skulemiljøutval på skulane
- Fråværsgransa



Auka behov for spesialpedagogiske tiltak og støttepersonell

Mange elevar har eit større behov for anna oppfølging enn det som ligg innanfor læraren sitt ansvar. Det bør difor vere lett tilgjengeleg støttepersonell som helsesøster, PPT og BUP. Vi ser også behov for ekstra tiltak for unge med fleirkulturell bakgrunn som er i faresona for å falle ut. Det er difor eit behov for forsterka opplæring, tett oppfølging i basisfaga - særleg fokus på norsk, engelsk og matematikk. Alle elevar med mangelfulle norskkunnskapar må snarast råd få ein reell rett til forsterka norskopplæring. Elevar som ikkje har fått læreplass bør få tilbod om eit fullgodt alternativ. Det kan vere eit "mellom-år" for elevar som har behov for å forbetre karakterar i fag. Eventuelt kan det vere eit alternativt 2-årig praksis-basert løp, slik at elevane er betre rusta til å gå opp til fagprøven. Fullført vidaregåande opplæring er

grunnlaget for ein vellukka inngang og seinare karriere i arbeidslivet. Bestått vidaregåande opplæring vil også kunne ha stor betydning for aktiv deltaking i samfunnslivet.²³

Retten eleven har til rådgiving

Karriererettleiing er sett på dagsorden som eit strategisk verkemiddel i politikken, både internasjonalt, nasjonalt og regionalt. Blant formåla i Noreg finn vi førebygging av fråfall, utjamning av sosiale forskjellar og integrering av etniske minoritetar. I tillegg skal planmessig arbeid med karriererettleiing bidra til at samfunnet har tilgang på nødvendig arbeidskraft i rette dimensjonar.

I dette arbeidet har skulane ei sentral rolle, og korleis dei jobbar med dette er viktig for å lykkast. Skuleeigar har ei avgjerande rolle for at dei politiske intensjonane blir realisert.

I forskrifta til rådgiving finn vi at skoleeigar er ansvarleg for å oppfylle eleven sine rettar til rådgiving. Ansvaret inneber mellom anna at begge formene for rettleiing, yrkesrettleiing og sosialpedagogisk rettleiing, skal utførast av personale med relevant kompetanse for dei to områda. Skulen skal arbeida systematisk og planmessig for å sikre at rådgivingstilbodet blir tilfredsstillande.²⁴

Med bakgrunn i OECD rapport frå 2014 (Skills Strategy Action Report for Noreg), og NOU 2016:7 Noreg i omstilling – karriererettleiing for individ og samfunn, vart det vedteke å arbeide for heilskapleg system for karriererettleiing. Fire element vart vektlagt for utarbeiding av eit nasjonalt kvalitetsrammeverk som ble presentert i 2019;²⁵

- Tilgang til alle grupper
- Heilskapleg innhald
- Mekanismar for koordinering og samarbeid
- Gjennomgåande kvalitet og profesjonalitet.

Eit konkret mål for kvalitetsrammeverket var at det skulle bli brukt som verktøy for utvikling av kvalitet i karriererettleiinga. Målet er auka kvalitet i karriererettleiinga, og at den enkelte utviklar karrierekompetanse. Karrierekompetanse skal bidra til at den enkelte blir betre i stand til å handtera liv, læring og arbeid, også i forandring og overgangar. Ein definisjon på karrierekompetanse kan vere:

«Karrierekompetanse er kompetanse som setter mennesker i stand til å håndtere sin karriere, også i forandring og overganger. Det er kompetanse til å kjenne og forstå seg selv og sin kontekst, til å handle og ta valg og til å håndtere dilemmaer og spenninger knyttet til liv, læring og arbeid. Det inkluderer innsikt i at den enkelte formes av sine livsvilkår og handlinger, men også kan påvirke og forme egen og fellesskapets framtid.»²⁶

²³ [En vidaregåande opplæring hvor elevene fullfører og kvalifiseres - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

²⁴ [Forskrift til opplæringslova - Kapittel 22. Retten til nødvendig rådgiving - Lovdata](#)

²⁵ [Karrierekompetanse - bakgrunn og veien videre - Kompetanse Norge](#)

²⁶ [Karrierekompetanse - Kompetanse Norge](#)

Å bidra til utvikling av slik kompetanse for elevane er eit viktig mål i overordna del av læreplanen, og for kva som skal vere utbyttet av karrierelæringsarbeidet i skulene. Dette bidreg til at elevane får oppfylt retten til rådgiving på ein måte som også er i tråd med kvalitetsrammeverket.²⁷

Kvalitetsrammeverket seier noko om korleis ein kan leggja til rette arbeidet med karrierelæring. To element kan vere:

- Utvikling av kompetansestandardar for den som skal legge til rette for karrierelæring og karriererettleiing.
- Verktøyet med «Karriereknappane» som skal utgjere område for utforsking og læring.²⁸

Vi veit at det blir gjort mykje godt arbeid med rettleiing ute i skulane og lærebedriftene. Likevel opplever vi at karriereknappane som eit sentralt verktøy i arbeid med karrierelæring i stor grad er ukjent for elevane og lærlingane.

Det gjer at ein kan stille seg spørsmål om kva årsaka er, og om elevane får oppfylt retten sin til kvalifisert rettleiing i tråd med forskrifta til rettleiing, og i tråd med nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing.

(Illustrasjon: Karriereknappane som ligg i kjernen av modellen Karrierelæring i kontekst og representerer dei fem ordpara som utgjer områda for utforsking og læring)



²⁷ [Om kvalitetsrammeverket - Kompetanse Norge](#)


²⁸ [Karriereknappene - Kompetanse Norge](#)

Elev- og lærlingombodet sine arbeidsoppgåver - samanfatta

- Skulebesøk
- Besøk på lærebedrifter
- Delta på lærlingsamlingar
- Informere om rettar og plikter
- Enkeltsamtalar med elevar og lærlingar
- Støtte lærlingar og føresette i møte med bedrift
- Støtte elevar og føresette i møte med skuleleiinga
- Delta på ulike arrangement på dei vidaregåande skulane
- Informere yrkesfag-klassar om lærlingordninga
- Oppfordre til at elevar sjølve er aktive i å skaffe seg læreplass
- Vere talerøyr for elevar i vidaregåande skule og lærlingar
- Trygge og rettleie den enkelte ungdom – hjelp til sjølvhjelp
- Delta på karrieremesser
- Sosial støtte til elevar, lærlingar og føresette
- Samarbeide med alle som ønskjer å bidra for elevar og lærlingars fullføring av vidaregåande skule og opplæring.
- Vere ein pådrivar for at skular og opplæringsinstitusjonar følgjer dei retningslinjer og lover som omhandlar elevar og lærlingar sine rettar.

Vi to elev- og lærlingomboda i Vestland nyttar høvet til å takke alle involverte partar i vidaregåande skule og lærebedrift for eit godt og konstruktivt samarbeid skuleåret 2022/2023!

Ann Kristin Hauge og Venke Nordeide



vestlandfylke.no